

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 29.01.2014  
Dykkar ref.: «REF»  
Vår ref.: 2014/1145-2

## Fagerbakke sjøbruksmiljø, gnr. 3, bnr. 2, 3, 15 og 84, Austevoll kommune. Varsel om oppstart av fredingssak


Hordaland fylkeskommune vil med dette varsle om at det vil bli utarbeidd forslag om freding av ovannemnde eigedommar i medhald av lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 § 15, jf. § 22.

### Omfang av fredinga

Fredingsforslaget vil omfatta følgjande bygningar:

sjøhus, bygningsnr. 175430164 (Askeladden-ID 136063-1)  
nothengje, bygningsnr. 25237765 (Askeladden-ID 136063-2)  
sjøhus, bygningsnr. 175430180 (Askeladden-ID 136063-3)  
overbygg for doryar, utan bygningsnr. (Askeladden-ID 136063-4)

Fredingsforslaget vil omfatta eksteriøret til bygningane og kan også omfatta interiøra, heilt eller delvis. Kor mykje av interiøra som vert foreslått freda, skal vurderast undervegs i arbeidet med saka. Det skal òg vurderast om dei mura kaiene som ligg i direkte tilknytning til husa skal takast med i fredingsforslaget.



### **Grunngjeving**

Fredingssaka er ei oppfølging av Hordaland fylkeskommune sitt vedtak av 29. mars 2010 om mellombels freding av sjøbruksmiljøet, utløyst av at det vart gjort vedtak om riving av nohengja. Sjøbruksmiljøet ligg på nordsida av Fagerbakkevåg og består av fire bygningar som ligg på rekkje i strandlina: to sjøhus i to etasjar – det eine med vindeark midt på langsida, det andre med vindeark i gavlen, mellom dei ei nohengje, og lengst aust i rekkja eit overbygg for opphaling av båtar. Bygningane skriv seg frå slutten av 1800-talet og første del av 1900-talet.

Dei kulturhistoriske verdiane til sjøbruksmiljøet ligg til grunn for fredingssaka. Det er eit godt bevart døme på ein av dei mest karakteristiske typane bygningsmiljø i kyst-Noreg, og representerer ein heilt sentral del av kulturhistoria. Kulturminne knytte til fiskeri og anna sjøbruk er ei viktig gruppe kulturminne som er sterkt underrepresentert på fredingslista. Det er også særst få bygningsfredingar i øykommunane langs Hordalandskysten.

### **Vidare saksgang**

I samsvar med lov om kulturminne § 22.1, andre ledd, vil melding om igangsetjing av fredingssak verta kunngjort i Bergens Tidende og Marsteinen. Vi bed om at eventuelle merknader til meldinga vert sendt til Hordaland fylkeskommune innan ein måned etter at dette brevet er motteke. Fredingsforslaget vert deretter utarbeidd og lagt ut til offentleg ettersyn. Saman med merknadene som kjem inn vert det så sendt på andre gongs høyring til kommunestyret.

På bakgrunn av høyringsinnspela vert fredingsforslaget eventuelt endra, før fylkeskommunen sender det til Riksantikvaren, som gjer det endelege vedtaket om freding. Den mellombelse fredinga står ved lag inntil fredingssaka er ferdig handsama. Dette inneber mellom anna at ein må søkja kulturminnestyresmaktene om løyve til å setja i verk alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald.

Venleg helsing

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Erlend Hofstad  
Spesialrådgjevar

Sakshandsamar: Erlend Hofstad

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*